

Vi møttest i utlægd ein sommar, Bjarne Nordbustad og eg, som pleiarvikarar i kvite frakkar på eit asyl. Han var ein sjølvtenkjar og ein god mann å snakke med dei få månadane vi var kollegaer. Lite visste vi om kvarandre, og knapt forstod vi sjølve kva som rørte seg i oss. Vi var berre eitparogtjuge den gong og har vandra kvar våre skilde vegar i ettertida. Nå er det 47 år sidan. Eg skreiv dikt då vi møttest, men tagde om mi skam. Først året etter debuterte eg som lyrikar. Opp gjennom åra har det kome ein fleire diktbøker frå mi hand enn eg likar å tenkje på. Nå når eg snart rundar sytti, er det på høg tid å slutte med slikt. Men sjå kva som skjer. Her rundar Bjarne Nordbustad sytti år før eg rekkj å gjere det, og han finn det for godt å debutere med dikt-bok ved dette høvet. Så er vi altså atter for kollegaer å rekne. Denne gongen begge som frivillig innlagde på eit asyl som kallast norsk lyrikk. Eg på veg ut, men han på veg inn. Velkomen! Dette var uventa, men dess gildare!

Nei, det gilde er ikkje at folk skriv dikt.

Det gilde er at Bjarne Nordbustad har laga ei god bok.

Kvar for seg er dikta lesverdige og slitesterke. Ein ser at dei toler å lesast omatt. Ein kan lese dei einskildvis og for sin eigen del, utan tanke på opphavsmannen. Ein kan også lese dei samla – og då merkar ein ei sterk og klar røyst og skjønar at ein er i lag med ein markant og mangrøynd person. Og så kan ein lese dikta som stoppestader på ei livsferd. Somme vil kanskje berre merke seg de audmjuke og oppgitte dikta. Andre vil ha mest sans for songane og tilvisingane som gjeld det enkle og nære og vakre i kvardagen. For her er fleire personar i ein. Ein eksistensielt prøvd som nærast minner om Job, ein annan meir skarp i augnekastet og røysta, ein sarkastisk fyr som ikkje er blind for vrangsida av livsens vev. Ein ser at det sanneleg fell lett for denne karen å artikulere beiske kommentarar – men han nøyer seg helst med å spite sg sjølv. Og så er her ein stillsleg ekstatikar. Og ein språkglad oppdagar som har sans for både atterhaldet og det snertne. Ei uroleg sjel som er takksam for ro. I sum er viser boka ein typisk vestnorsk lyrikar. Typisk ved at han har si eiga røyst, typisk ved at han ytrar seg på dei kjære lyriske vestnorske dialektane som vi ikkje kan unnvere. Desse måtane å ytre seg på følger ikkje dialektgrensene, dei er meir ein levande tradisjon som følgjer danningsgrensene. I denne boka kan ein høyre Jakob Sande-mål, Olav H. Hauge-mål, Ingvar Moe-mål og Ivar Medaas-mål. Bibelsprengt. Lokalforankra. Personleg. Munnleg. Men altså heile tida eins eige. Vestlendingen vil ha med seg alt – alt av seg sjølv. Då blir spennvidda stor.

Eg ville vridt meg som ein makk i fall denne boka hadde vore dårleg. For har ein ikkje levd eit dobbeltliv med seg sjølv og med orda – både eit i alvorleg og eit i skjemt - er det for seint å byrje med dikt når ein er sytti. Heldigvis er det blitt ei bok eg les med glede og respekt. Eg låner ein setning som Olav H. Hauge kom med heilt til slutt i ei bokmelding han laga for Bergens Tidende (1969) i høve at ein 75 år gammal vestlending – Frank Frode (psevd. for Frank Olsen) endeleg debuterte med ei diktsamling : ”Ein slik mann har rett til å syngja.” Eit slikt uttrykk passar også her.

Slit det med helsa. Eg gratulerer bokmakarane med jobben og bokskrivaren med dagen. Måtte vi alle få gode kvardagar etterpå.

Vennleg helsing,
Einar Økland